



ORKDAL MENIGHETSBLAD

Nr. 9

NOVEMBER 1974

23. årgang

Tur-tankar

Langt inn i fjell og hei
der lia ligg så langt av lei
frå bygda bli og brei,
eg finn min villmannsvei.
Ja opp og fram og inn
i skog og fjell eg stien finn
med gleda gla i sinn.

Og når eg så vert lat
eg opnar sekk og finn meg mat
forutan duk og fat.
Gjer med meg sjølv ein prat.
Eg kvilar så eit bel,
og kjenner meg så signa vel,
kan trivast glugg i hel.

Ein haustdag kald og klår,
ein sumardag — ein dag om vår,
det heile norske år
eg lengt til fjellet får.
For fjellet det er mitt.
Der kan eg anda fullt og fritt
og tungtankar bli kvitt.

Når eg frå
fjell til fjor'
for auge
femner
odelsjor',
og fylgjer
fedres spor,
eg veit at
Gud er stor.
Eg veit at
GUD er go!
Var manne-
ætt av same
to,
vår ver', var
fred og ro.

K a a r e
R o g s t a d.

Gangås-
vatnet.

Foto:
Gunnar
I. Ustad.

A/S Rosenvik Produkter

Presten stakk innom Rosenvik Produkter. Det vanka straks omvisning, orientering og kaffi.

Disponent Egil Olsen er tydelegvis ein mann som er bærar av Vinsjes «tvisyn». Om vi konkluderer med noe, er han straks på pletten for å kaste lys over saka frå ein annan synsvinkel.

Rosenvik Produkter har ca. 50 tilsette, og stordelen er yrkesvalhemma. Dei fleste kjem frå Orkdalsregionen, men det er folk frå heile landet. Noen bor heime, og andre bor på hybelhus.

Det flyt av plastpermar frå golv til tak.

Eit svensk storkonsern hadde nett dumpa 100.000 permar på den norske marknaden, og Olsen fortel om beinhard konkurranse og mange konkursar.

Vi var innom Fannrem bokhandel på turen heim og kjøpte to permar. «Sjølvsagt er dei frå Rosenvik Produkter», sa dama ved disken. Så her får svenske konsern halde seg trygt på fråstand.

Vi hadde gitt uttrykk for disponenten om triveleg arbeidsmiljø, stille, ro og fine lokaler. Svaret er halvt irettesettande og halv-sjølironi: «Raskt arbeidstempo er viktig. For det første så skaper

Framh. på s. 2.



SLEKTERS GANG

Døpte



Orkland.

22. 9. Frode Haugen
Ingvar Monseth
13. 10. Sten Børge Bye
Hilde Mariken Andersen

Orkdal.

22. 9. Arnt Richter
28. 9. Øyvind Hernes Pettersen
29. 9. Hege Merete Kleven
(Kvikne k.)
6. 10. Åge Storsand
Anita Elvbakken.

Orkanger.

18. 9. Hilde Syrstad.
29. 9. Frank Bye
Siri Mette Price.

Vigde



Orkland.

12. 10. Erling Holden og Oddny Hoston.

Orkdal.

14. 9. Ola Todal og Ingrid Husby
(Vigd i Aure).
28. 9. Magne Andor Kvåle og
Mary Irene Sæterbakk
Jan Gisle Gjersvold og
Oddny Lisbeth Metliaas.

Orkanger.

5. 10. Jan Andrew Olsen og
Ragnhild Meslo.
12. 10. Hans Noreng og
Berit Martinsen.
19. 10. Nils Halaas og Gro Einum.

SØVASSKJØLEN
FJELLKIRKE

postgiro 3675436 GJØLME.
EI KIRKESAK FOR ALLE
I ORKDAL.



Døde

Orkland.

6. 10. Marit Aarli, f. 1880.

Orkdal.

15. 9. Jarle Tuflått Jarstein, f. 1910
17. 9. Johanne Eklid, f. 1899
21. 9. Gudrun Sofie Eggan, f. 1900
22. 9. Arnt Skogen, f. 1906
Olaus Sørum, f. 1881.

Orkanger.

7. 10. Arnt Ingvald Solbu, f. 1898
11. 10. Ingebrigt Gjønnes, f. 1902.

Geitastrand.

22. 9. Randi Husdal, f. 1882.

Salmar ved minnesamvær

er eit hendig salmehefte utgitt av Svorkmo Prenteverk A/S. Det er laga for å vere med å skape ei god ramme omkring samvær etter gravferder. På Orkanger kan salmehefta lånast hos Orkanger menighetsforening v/ Magnhild Hoff.

A/S Rosenvik Produkter

Framh. frå s. 1.

raskt arbeidstempo generelt større trivsel for den enkelte enn for slapt tempo. For det andre er meininga bak dette at arbeidstakarane hos oss skal trenast opp til å gå over i det vanlege arbeidsliv. Der er det hardt press, og om ikkje vi førebur på dette sviktar vi intensjon og opplegg».

Etter ein sviptur i skuffer og hyller etter dokumentasjon for sine påstandar med samanlikning med andre verksemder, slår disponent Olsen fast at det er ein tydeleg samanheng mellom auka produktivitet og vekst i det menneskelege materiell.

Det såg ut for oss slik at alle fann meningsfylt arbeid i pro-

Bok om K. M. Elda

Svorkmo Prenteverk A/S gir i desse dagar ut ei lita minnebok om K. M. Elda.

Det er Knut Liøkelsøy som har gjen-gitt livssoga til denne mangsidige mannen, skolemann, forfattar, avisut-gjevar, målmann, fråhaldsmann, byg-deoriginal, trykkerieigar, venstremann m.m. Boka blir eit godt minne og ei nyttig kjelde til oppfrisking av bygdas og landsdelens kultursoge.

Samstundes er Eldas «Gardtales i Orkland» under trykking i fornya og supplert drakt ført opp til i dag. Det er ei bygdebok av sjeldan kvalitet. Fleire hundre har alt sikra seg tinging på boka. Dette står Historielaget for.

I samanheng med kyrkjejubileet neste år er det planar å gi ut ei av Eldas aviser. Så «Orkmannen» kjem til å dukke opp igjen. Kanskje Eldas underlege barneblad «Næmingen» også kan kome ut. Men berre med eitt nummer for begge, så dalens lokalavis skal ikkje bli møtt med konkurranse frå gamle Elda.

Fine julekort

med lokale kyrkjemotiv og med plass til å skrive eit heilt brev på kan kjøpast hos Fannrem bokhandel, Svorkmo Handelssamlag, Harald Hukkelås. Inntekta går til Søvassli fjell-kyrkje. Bruk Orkdalsmotiv på julehelsingane.

duksjonen av ringpermar, plast-lommer og regnkapper. Her fekk mange fungere og klare seg sjølv, som elles i arbeidslivet ville ha møtt vanskar. Frå 1. 9. 74 er også alle på tariff-løn.

«Vi ønsker å vere godt ansett», sa disponent Olsen. Og vi ser ingen grunn i å la vere å støtte tan-ken.

Rosenvik Produkter er noe av det beste vi har sett i sin bransje. Samarbeidet mellom privatbedrift og statsvesen synest vi og er ros-verdig planlegging. Om slikt skal gå utan gnissingar, må det vere bra folk som steller med det.

MENIGHETSBLAD

for Orkdal prestegjeld
Utgitt av sokneråda i Orkdal

Redaksjonsnemnd:

Anny Bonde.

Reidar Halgunset.

Redaktør: Inge Eidhamar.

Annonser:

Sigmund Haugset.

Kasserar:

Ivar Fandrem, 7320 Fannrem.

Postgiror.: 32 68 72.

Takk for gaver og kontingent.

Svorkmo Prenteverk A/S, Svorkmo

Fellesmøtene

i Orkdal kyrkje

som vara i 15 dagar (22/9 - 6/10) er no ført vellukka til ende. Dei som hadde stått for opplegget — dei lutherske organisasjonar og Orkdal sokneråd — var på førehand fyllt av von om at alt måtte bli til signing og vokster i kyrkjelydens mange arbeidsgreiner. Eg trur ingen vart vonbrotne. Kyrkja hadde godt besøk kvar kveld. Det svinga seg frå 120 til ca. 300 med unnatak av 1 laurdag da det «berre» var 78 og siste kvelden da det var omlag 500 i kyrkja. Men viktigare enn framme-talet var at Herrens eigen ande fekk vera så rikt tilstades. Sekretær Oddmund Grimsmo frå Oslo — opphavleg frå Frøya — hadde rike gaver. Kvar kveld på ny fekk han forkynde det evige livs ord med kraft og kjærleik. Eg trur ikkje mange gjekk glipp av noko ord. Til dette kom at han også synte seg å vera ein songar av store dimensjonar. Mange var nok også dei som etterkvart kom att for å høyra evangeliet i tonar. Grimsmo hadde god hjelp i alle dei som opna møtene med innleiingsord. Dei skifte for kvar kveld. Underleg var det for ein lyar å erfare at dei utan unnatak hadde tatt kveldens tema enda dei vel ikkje hadde samrædd seg med hovud-talaren på førehand. Slik er det med Andens leing. Stor takk skylder vi også dei som hjelpte til med song og musikk og slik sette ordforkyninga inn i ei festramme. Det er triveleg å

framleis skal ha kyrkjelege forretningar i Orkanger sokn. Solem vil også stå til teneste med hjelp i foreningar og ymse kyrkjelege arbeidslag.

Vi ynskjer Per Solem hjarteleg velkomen til arbeidet i kyrkje-lydane våre og ber om at han må bli vel mottatt overalt. Sjølv er han beskjeden og kjenner seg «liten» framfor arbeidet. Det er eit godt teikn.

Vi som no blir arbeidskamera-tane hans er takksame avdi han av idealisme og kjærleik til vinga-rsarbeidet ville hjelpe oss i ein vanskeleg situasjon.

Kaare Rogstad.

Ei gledeleg hending

Etter at kallskapellianiet i Orkdal hadde vore utlyst 5 gonger utan at nokon søkar meldte seg, sette Orkdal kyrkjelege fellesråd seg i sving for å skaffe tilveges ei midlertidig ordning. Eigentleg var det fru Agnes Singstad, form. i Orkanger sokneråd som fann utvegen. Ho hadde kome i kontakt med lærar Per Solem som hadde tatt kristendom som fag ved lærarakademiet i Bergen. Solem sa seg villig til å søka delvis permisjon frå si stilling for å kunne avlaste prestane noko i deira arbeid.

Kyrkjedepartementet vart kontakta og 20/9 kom denne glede-lege melding:

«Etter det opplyste samtykker departementet i at det blir brukt ledige lønnsmidler i Orkdal kapellanstilling til avlastningshjelp for prestene. En har ikke noe å merke ved at lærer Per J. Solem antas til å utføre denne teneste. - - - - - En ber om melding fra hvilken dato tjenesten vil ta til».

Og datoen vart 25/9. Da tok Per Solem til som «avlastnings-hjelp».

Han har sagt seg villig til å vera med på tenesteturnus på sju-kehus og aldersheimar. Han vil stå for søndagsskole og ungdom-arbeid. Han vil også stå for kon-toret på Orkanger i «Den gode Hyrdes kapell». Dette siste ilag med res. kap. Eidhamar som

sjå kor mange med den nådegåva som finnst — når vi mobiliserar. La meg så endeleg ikkje gløyma vår eigen organist som nesten kvar kveld var å sjå på orgelknakken. Eg får laga om det gamle ordtaket «vel blåst» til «vel spela».

Eg vil takka alle som var med og ga oss denne rike haustvinna. Og lat oss alle takka Jesus Kristus og be Han om at Han ikkje må la ordet venda tomt attende, men bera rik grøde.

Kaare Rogstad.

Eit venleg brev
om tyggegummi

I Orkdalskyrkja kan vi gle oss over at stadig større ungdoms-flokkar kjem til Guds hus. Det er blitt «in» dette å gå til kyrkje att, og triveleg er det. Straumen som eingong førte burt frå Guds hus, held på og snur og så snur han til gangs.

Men, kjære ungdomar får eg så pent eg kan, be dykk om å la tyggegummien vera att utanfor kyrk-jedøra. De kan ikkje tru kor distraherande det er å sjå fleire munnar mest som i takt, fare opp og ned opp og ned i ustansleg tygging. Og det må i allefall vera heilt uråd å vera med i lovson-gen og lovprisningen, så lenge ein tygg.

Lat meg få fortelja om ei bitte-lita kvardagshending og bivåna. Ein ung butikksvein sto og togg tyggegummi innafor disken. Uta-for sto ei eldre frue og venta på tur. Sveinen bukka mot frua att-åt han togg. Frua lest som ingenting. Han togg og bukka ein gong til. Ho tagde. Så sa han «verså-god, kva skal det vera?» «Å, eg kan godt venta eg — til de er fer-dug med å eta», sa frua.

Det er mest så. Difor legg att tyggegummien.

Kaare Rogstad.

PRESTEKONTORET

Den Gode Hyrdes kapell
Orkanger.

Kontortid: Tirsdag 17 - 19.
Torsdag 17 - 19.
Lørdag 10 - 12.



Alterpartiet i Moeskyrkja

Alterpartiet i Orkland kyrkje ser ikkje heilt slik ut som ovanfor her lenger.

Surnadalskunstnaren Kalla Skrøvseth har hatt hand om tavla nokre dagar i det siste. Vi vil tru dei kyrkjesøkande vil sette pris på endringane.

Alteret skal stemme sinnet til andakt og tilbeding. Det står framleis: Jesus Kristus er oppstanden! på sentralbildet i tavla. Måtte dette bli ei levande visse for oss i vår kvardag. Vi er barn av den oppstandne! Slik skal heile livet bli bestemt ut frå dette sentrum.

Da vil vi også samlast ved alterringen. Som ved konfirmasjon og vigslе, også ved nattverdmåltidet. Her skal du også få knele i tru og få del i den oppstandne. Måtte langt fleire finne vegen til alteret ved Moeskyrkja. Slik vil oppstandelseskraft bli gitt til enkeltmenneske, heimar og samfunn. Felleslivet oss imellom vil og bli styrkt. Det er snakk om «brennande kjærleik» i takkebøna til nattverden.

Fyll din plass ved alterringen. Du er invitert, og velkommen!

Kirkens fornyelse

**Herre, vi ber deg for din kirke.
Gjør den ung og levende på ny.
Gjør den dyp og klar i forkynnelsen,
ydmyk og dristig,
fast og bevegelig,
kjempende og fredsstiftende.
Gjør den virksom i kjærlighet
lydhør for menneskenes nød
og oppfinnsom når det gjelder
å avskaffe noden.**

B. G. Hallquist.

Ikke et skjulested

**Herre, jeg er i kirken,
jeg kommer gjerne hit,
du er min tilflukt.
Takk for hva du gir meg,
og hele vår menighet.
Hjelp oss, Herre,
at vi ikke misbruker disse gaver
og gjør huset og gudstjenesten
til et skjulested.
Hjelp oss så vi ikke stenger oss inne
og glemmer dem som er utenfor.
Hjelp oss så vi husker at du er den
som vil ut til alle mennesker.
Hjelp oss å elske deg,
og ikke vår egen fromhet.**

M. Boyd.

Helgamesse

Johs. åpenb., 7. kap.

Framfor Kongens stol,
framfor Lammets sol,
kledd i lange kvite klede
stod dei reiduge å trede
fram med palmegrein
i si hand kvar ein.

Alle englar so
kringom kongsstol sto
og dei knela allesamen
ned for Gud og ropa: «amen»,
slik på englars vis
gav dei kongen pris.

Mannemengda fjåg
som Johannes såg
var dei mange som av trengsla
vann seg fri med himmellengsla.
Tvette reine so
klædd i Lammets blo'.

Gud sin bolig set
over deira ætt.
Dei skal aldri svelta meire
ikkje byrder bære fleire,
ingen tyrst li naud
under sola raud.

Eg Johannes såg,
mannemengda fjåg
stå der oppå himmelhøyna
kledd i kvitt så langt eg øyna,
kvar ei ætt og folk
tungemål og tolk.

Dei med fagningsrøyst
ropar ut den trøyst:
«Frelsa tilhøyr Gud den eine.
Han som sit på kongsstol reine.
Han og Lammet er
Frelsa for vår ver'»

«Signing, takk og pris,
kvar ei gjerning vis,
styrken, makta, himmelæra
alt av godt i heimen vera,
høyrer deg Gud til,
æveleg deg til.»

Framfor Gud dei står
for Hans kongsstol går
tener dag og natt i templet
etter dei fekk guddomsstemplet.
Gud på trona sit.
Dei fekk koma dit.

Kaare Rogstad.

MISJONSBIBELSKOLEN

HAR FATT 40 ELEVER.

Misjonbibelskolen i Stjørdal har i høst åpnet sine dører for en ny og stor elevflokk.

På det tremånedlige kurs er det 28 elever, mens det ettårige bibel- og lederkurs har 12.

Elevene kommer så å si fra hele landet. Særlig mange er det fra Østlandet denne gang, men også de nordligste landsdeler er ganske godt representert.

Det er i alt 16 sykepleiere i flokken. Det er dessuten både kontorfolk og skoleelever m.m.

Elevene ved ettårskurset skal stort sett dele undervisningsopplegg med de øvrige i tiden før jul. Fra nyttår får de en god del særtimer med gruppearbeid o.l.

Etter påske skal de konsentrere seg om praktisk ledertrening.

Ettårskurset tar særlig sikte på å kvalifisere elevene for barne- og ungdomsarbeid på det lokale plan, forteller rektor ved skolen, misjonsprest Isak Bøe.

De andre faste lærerne ved skolen, som eies av Misjonsselskapet og Samemisjonen, er Inger Jacobsen og Arvid Bøe.

FRA ETIOPIA

6 måneders livbergingsprogram skal nå følges opp av langsiktige hjelpetil-tak slik at befolkningen kan stå bedre rustet i fremtiden. Som et første skritt har Kirkens Nødhjelp startet graving av vanddammer der regnvannet skal samles opp gjennom regntiden. Erfaring har vist at i slike dammer blir vannet stående gjennom tørketiden.

Kirkens Nødhjelp har for tiden 1300 mann i arbeide med å grave slike dammer.

KIRKENS NØDHJELP

bygger på vissheten om at Guds ord forplikter den kristne kirke til helhjertet omsorg og innsats for det hele menneske i legemlig og åndelig nød.

KIRKENS NØDHJELP

har til formål å formidle materiell og åndelig hjelp fra Den norske kirkes menigheter til flyktninger, emigranter, katastroferammede og andre nødlidende i inn- og utland, uten hensyn til rase, nasjonalitet, politisk oppfatning og religion.

CALCUTTA I DAG

Det er høyrøstet snakk nede på fortauet, over gaten tydeligvis kamp om en god nattplass. En eldre kvinne går av med seiren, hun har vært her før, mener hun har rett til denne kroken på fortauet. En annen kvinne har satt seg oppmed en trapp, tydeligvis hennes plass. Hun har en gutt på 3-4 år som springer naken frem og tilbake tvers over gaten noen ganger, kanskje i håp om å finne noe som kan spises? En mann har allerede lagt seg flat langs veggen, et tynt tøyestykke under seg, en liten bylt under hodet. Lenger borte er det en mann som fyrer opp under en gryte — han har 2 gryter, tydelig at han skal lage seg et skikkelig måltid. En yngre mann, også med 2 gryter. Vi ser 2 rikshawere parkert på fortauskanten, fortjenesten har i hvert fall strukket til mat i kveld. Tro hvordan matlukten kjennes for dem som allerede har lagt seg?

Bak oss lyder sang. Det er kvelds-andakten for 150 piker som bor i skoleinternatet her. For en verden i forskjell. Mange reddes fra fortvilelsen — men det er så langt igjen —

Lege Edel Bush Haugstad i Santalmisj.

KOM OVER OG HJELP OSS!

—Det trengs misjonærer?

— Vi møtte mange kristne i Indonesia. De var blitt trukket ut av heden-skapets mørke og var blitt tent for evangeliet. De kom til oss og sa: Kom og hjelp oss! Vi trenger hjelp for å berge høsten!

Det er vekkelse i Indonesia. Men i vekkelsens fotspor skjer det mange usunne ting. Djevelen har mange snikveier for å få fatt i disse som Herren har fått tent en gnist i hjertet på. Skal det lykkes å berge høsten i Indonesia?

Kallet fra brødrene lyder: Kom og hjelp oss!

**Misjonær Hans Tore Leithe
i Misjonssambandet.**

Svorkmo Prenteverk A/S

Vend Dykk til oss når det gjeld trykking av blad, tidskrifter, forretningstrykk m.m.
Telf. og post: 7330 Svorkmo.

ORKANGER MINNEFOND

Blankettar hos
Harald Hukkelås.

Ansvar — Varde

Avholdsfolk bruker sine egne forsikringsselskaper for hus, heim, næringsvirksomhet, bil, motorsykkel og traktor. Snakk med våre representanter: Brage Fagerli, Svorkmo t. 2113. Sigmund Haugset t. 82362 eller distr.repr. Ivar K. Gangås t. 82175

Konstads Bokhandel

Orkanger.

**Bøker - Papir
Skolemateriell**

Velkommen til vår forretning.
Vi står alltid til tjeneste.
Gjør innkjøpene hos oss.

Svorkmo Handelssamlag

Et hyggelig handarbeide
hører høst- og vinterkveldene til.
Pene dåpskjoler til utlån.



Harald Hukkelås

Orkanger.

Konfirmantjubileum

Eg ser i siste nummeret av Menighetsbladet at det skal vera minnehøgtid for dei som sto for presten for 50 og 25 år sia. Det er ein triveleg skikk dette, — at dei som gjekk saman for presten møtest att etter så mange år.

Eg kjem ihau så vel som det skulle ha vore igår konfirmasjonsdagen min for 60 år sia, — då me sto på kyrkjegolvet og alterringen der me gav vårt løfte om truskap til presten vår, Egil Brekke.

Me var ein ganske stor konf.flokk dette året, det var minneåret 1914 og datoen var vel 4. oktbr. Me var visstnok 32, og eg vil her nemne dei som lever av denne flokken idag, slik at dei som er frisk og har høve til det møtest i kyrkja på minnedagen som er fastsett til 3. november.

Det er:

Marie Grendstad (Solbu), Tr.heim
Magna Ofstad (Engmann), Orkanger
Anne Dalen (Simoshaug)
Magna Rein (Skjølberg)
Eline Lium (Lium)
Gudrun Øyasæter (Staveli)
Hanna Gundersen (Svorkmo)
Gina Sommervold (Strømstad)
Lydia Johansen, Tr.heim
Marius Solem, Fannrem
Erling Monseth, Asbjeld
Ola Monseth, Monset
Henrik Ekli, Svorkmo
Knut Liøkelsøy, Svorkmo
Peder Svinsøy, Løftamo
Ingebrigt Svorkmo, Oppdal
Ola Opøyen (Eggen), Svorkmo
John K. Stubban, Stubban
Lars Rye, Tokstojåren
Ingebrigt Berbu, Svorkmo
Lars Rønning, Svorkmo.

Vil dei som er nemnd her møte fram til vanleg gudstenestetid i kyrkja vår 3. november.

Sett Dykk 2 og 3 på benken, der me sat på høgtidsdagen vår for 60 år sia. Det skal bli ein triveleg dag når me møtast att.

Svorkmo 30. septbr.

Kn. L.

*

Es. Takk for tiltaket! Vi inviterer også alle 60 års konfirmantane til feststunda på Svorkmo misjonshus etter gudstenesta.

Ige.

Høgtalaranlegget i kyrkja

Når ein tek til å verta gammel vil det jamnast vera noko som slær klikk i kroppen vår, — soleis kan det vera så som så både med synet og hørsla. Ja når det gjeld hørsla, trur eg det er noko mot halvparten av oss som går i kyrkja, som høyrer meir eller mindre godt. For å bota på dette har me høgtalaranlegg da. Så skulle ein tru at me som høyrer dårleg vart børt. Å nei, det var ikkje so vel. For å råde noko bot på dette, sett eg meg no på andre benken framafra og da går det jamt bra, når Eidhamar har gudsterneste.

Men er ein i gravferd kan ein ikkje sette seg der, — da vert det helst attom «korsen». Da vil ein som oftast ikkje høyre noko av det som vert sagt, korkje av prest eller av dei som legg blommar på kista.

Min gode nabo, Henrik og kona, deltok i ei gravferd ved Moe kyrkje her om dagen. Eg spurde han dagen etter om kva presten preika over, kva han sa om avdøde o.s.b.

«Nei det veit eg ikkje», sa han «for eg haur ikkje noko av det presten sa, og heller ikkje kona mi». «Kvar satt du da», sa eg. «Eg sat framom «korsen» sa han —.

Dette er det inga meining i, og eg vil med dette «syngje ut». Dette må det rettast på, — høgtalaranlegget skal ikkje vera berre til stas.

Er det ikkje istand, så må det settast istand.

Høgtalaranlegget må brukast i alle høve, både ved vanleg gudsternest, barnedåp, gravferd og vigsl. Kvifor skal ikkje me som er plaga med dårleg hørsel, få høyre kva som vert sagt, når ein no har dette gode anlegget? Det må vera betre om det står på i høgste laget enn for lågt. Eg gjer meg til talsmann for dei mange som ber seg for dette.

Kn.L.

Takk for positiv klage! Vi vonar to nye høgtalarar er installert når dette blir lese. Da skal det bli bedre å høre «framom korsen». Vi oppmodar også folk med dårleg hørsel å nytte høretelefonane som er utlagt. Dessutan tek ei innstilling på svært mange høreapparat inn anlegga i kyrkjene våre. Berre still inn og prøv! Mange har fått ei ny gudsternesteoppleving med ein slik enkel teknisk operasjon.

ige.

Plan for høstterminen 1974

i Orkladal lag av N.L. Misj.samband.

22. - 27. 10. Løkken. Offeruke, Toralf Gilde.

27. 10. Nerskogen. Røddefest.

29. 10. - 10. - 11. Orkanger, Gjølme, Geitastrand, Haugenes, Krokstadøra. Toralf Gilde.

12. - 17. 11. Våriliv. Offeruke. Ragnvald Holth.

7. 11. Fannrem. Utlokn. i «Blåveisen».
23. - 24. 11. Fannrem. 50-årsjubileum i Misj.sambandets kv.forening og Julesalg.

Eventuelle forandringer ber en om blir meldt snarest mulig til undertegnede.

Vil du være med å bekjentgjøre møtene og be for de som skal lede og delta, at Gud ved sin ånd må få tale til oss.

Med hilsen for

Orkladal felleslag av N. L. Misj.-samband

Arnt Gangås, sekr.

Indremisjonens høstmøte

i Trondheim blir i år som vanlig i allehelgens-helga, dvs. 2. og 3. november.

Hovedtaler i år blir formannen i Indremisjonsselskapets hovedstyre, forstander Thor With ved Diakonissehuset. Som kjent er han for øvrig nylig utnevnt som domprost i Trondheim, men vil neppe tiltre det nye embetet før litt ut på nyåret 1975.

Dessuten deltar kvinnesekr. i Indremisj.selskapet Ingrid Hellingsrud på høstmøtet, foruten en rekke talere og sangere fra kretsen.

Det regnes med fullsatt Salem også denne gang. Varmt velkommen!

H. G.

Einar Jakobsen

Malermester

7320 Fannrem. Tlf. 82 147.

Alt i maling - tapetsering
gulvebelegg m.v.



Møteserie i Orkanger kirke

Indremisj.selskapets arbeidere Toralf Aune og Bernt Sveås har møter i Orkanger kirke fra tirsdag 5. novbr. til søndag 17. novbr. med unntak av mandag 11. 11. Kristelige sang- og musikklag fra dalføret vil delta. Alle møter er kl. 20.00.

Trekantkurs på Svorkmo

Frå fredag 15. nov. til søndag 17. nov. har Trøndelag krins av KFUM-speidarane og KFUK-speidarane felles kurs i praktisk kristendomstrening på Svorkmo.

Det er for speidarleiarar og andre interesserte i speiding. Ein reknar med omkring 30 deltakarar. Kursleiar er lege Odd Gunnar Heitun.

Orkla Industrier A/S

har lagt ny vassledning til Svorkmo stasjon slik at vatn og toalett etter mange års fråvær er i funksjon igjen. Dette er til stor nytte og glede. Stasjonen er i bruk til speidarmøter 4-5 dagar i veka. Det er framleis Historielaget som har overoppsynet med stasjonen.

Laurdag 2. nov.

vil Historielaget og speidarane i fellesskap halde utlodning - kakebord - på Svorkmo Handelssamlag til inntekt for vegg til veggteppe på stasjonen. Dette tiltaket er ikkje gjort for å vere fin på det, men vi har funne ut at det er beste måten å skape effektiv isolasjon på. Trivselen vil stige mye med varmare golv, dessutan vil det gi friare rom til allsidig aktivitet. No er stasjonen ikkje til å kjenne igjen innvendig. Ikkje alle har så fin og praktisk «speidarhole».

Søndag er kirkedag
Skal din plass
stå tom?

GAVER til bladet

ORKANGER :

Frida og Olav Rostad kr. 20. E. og H. Solheim 25. J. og O. Lorentsen 20. Randi og Svein Falch 20. Johanna Todal 10. Gine Sivertsen 10. Ragnfrid Andersen 10. Anna og Johan Mathisen 10. Marit Solbu 10. Olga Jannschas 10. Ester Sivertsen 10. Margit Breunig 10. Elbjørg og Leif Lyngstad 20. Anne og Ivar Auran 10. Arna Tretøy 10. Børghild og Trygve Melbye 20. O. og R. Bjørnås 10. Jenny og Paul Aarlvold 10. Ruth Jenssen 10. Gerd Saltnes 10. Alfred Metliås 10. Margit og John Haug 10. Margit og Anton Larsen 10. Olufa og Egil Pedersen 20. H. og J. Stokkan 10. Gudrun Holdvagt 10. Inga Jønsberg 10. Else Ebbesen 10.

ORKDAL :

Nelly og Ole Morken kr. 20. Beret og Johanna Lefstadaune 50. Beret Blomli 10. Brynhild Nordtømme 10. Valborg Krokstad 10. Berit Bentsen 30. Erna og Sivert J. Øyen 20. Anne Asbjørnslett 20. Olav Gjøaas 10. Kristine og Edv. Almli 10. K. K. 20. Anonym 50. Audhild og Birger Bye 10. Karen og Arvid Lodgaard 20. Sverre Tomassen 10. Signe Gjønnnes 20. Dagmar Sundli 20. Tora og Frithjof Diggerås 25. Berit og Ola Sletvold 10. Signe og Sivert Gjønnnes 20. Rigmor Sjøli 15. Inger-Johanne og Reidar Wehn 15. Berit og John Hollum 20. Alf Kjenli 10. Marta Andøl 10. Ingrid Ustad 10. Ole Gjøløyen 10. Johanne Solem 15. Ingeborg og Per Asphjell 20. Johanna og Per Ustad 20. Jon O. Egen 20.

ORKLAND :

Marit og Bj. Bjerkaker kr. 10. Aslaug Svorkmo 10. Erik Rye 10. Ingeborg Fossum 10. Anne Dalen 10. Inge Eidhamar 25. Ragnhild og S. Ljøkelsøy 20. Ingrid og Hj. Melting 10. Jørgine Høston 10. Ingeborg og Ola Gumdal 10. Målfrid og Erik Bjørnbeth 10. Kally Lund 10.

GEITASTRAND :

Kristian Isdal kr. 10. Ricard Kvernmo 10. Tora og John Kvernmo 10. Berit og Olaf Furuhaug 50. Edv. Almli 10.

UTENBYGDS :

Aslaug og Svein Sugustad, 7081 Sjetnehaugen kr. 10. Magnhild Henriksen, Tr.heim 10. Olaug Paulsen, T.heim 10. Klara og Anders Svee, T.heim 20. Andrea Tungen, T.heim 10. Anne Grut- haug, Jerpstad 10. Gunvor Melås, Bar-

Erik Leland A.s

Dagligvarer - Gaveting -
Barneleker - Medisinutsalg.

7320 Fannrem - Telefon 82 280.

Orkdal Sparebank

Orkanger . . . kl. 08.00 - 15.00
Torsdager . . . kl. 08.00 - 18.00
(Tlf. 80 450)

Fannrem . . . kl. 08.00 - 14.30
(Tlf. 82 191)

Selbekken . . . kl. 09.00 - 14.30
(Tlf. 115)

Lørdager er alle kontorer
stengt.

SØLVVARER

til
BARNEDÅP BRYLLUP
KONFIRMASJON
Gullsmed

John
ROHME

7300 Orkanger

Gunnar Melås

Ass. handelsforretning

Mobil, diesel, bensin og oljer.

Stokkhaugan tlf. 83 879.

du 10. Marit Torneby, Kløfta 10. Gunvor Eidnes, Lofthus 10. Eldbjørg Foss, Melhus 20. Mary Svorkmo Gullstein, Vestnes 10. Arnt Lund, T.heim 15.

Hjertelig takk.

Ein heidersmann takkar av

Søndag 13/10 -74 var Geitastrand kyrkje fullsatt. Det var kyrkjelyden som slik tok avskil med sin trofaste kyrkjetenar, klokkar og kyrkjeverge gjennom ein mannsalder - Johan Kjøren. Etter gudstenesten - før postludiet - gjekk formannen i Geitastrand sokneråd, fru Gunvor Rian fram i kordøra og heldt ei hjartevarm tale for Johan Kjøren og også for kona hans Frøydis. Ho hadde gjennom alle år vore mannen sin til stød og hjelp også i kyrkja. Dei vart overrekket ei gåve som var innsamla i alle heimar i soknet. Soknepresten takka frå alle medtenarane gjennom alle år, — både dei i medhjelparstolen og på orgelknakken og frå dei 10 prestar Kjøren hadde fått tena ilag med.

Etter gudstenesta var det kyrkje-kaffe i Ofstad bedehus. Attåt kaffen var det konkurranser, song og opplesning og mykje samrøde.

Prostirådet

for prostiet vårt har konstituert seg med Reidar Halgunset som fm. Rolf Løvseth nfm., Ingerid Svaan kass, Kaare Rogstad sekr. og Per Gisnås revisor.

Prostiets dag vert halde på Fagerhaug søndag 10. 11. Fagerhaug sokneråd er festnemnd. Det vert gudsteneste kl. 11 ved spr. Ola Mæle. Så blir det høve til å kjøpa seg middag eller kaffe på «Fagerhaug Inn» og kl. ca. 1430 blir det em.møte med foredrag, bibeltime og ymse underholdningskos.

Prostiets dag er åpent for alle og vi voner mange vil finna vegen dit 10. 11.

Nyhet i Gravminner i smijern

Leveres i utsøkt materiale som blir varmforsinket + 3 lag værbestandig mattlakk,

Navneplatene i bronse har teksten i framskutt relieff og kan derfor regnes evigvarende.

NORFORM A/S, repr. for følgende steder Orkland, Orkdal, Orkanger, Geitastrand,

Trygve Solbu, telf. 2383.

7333 Vormstad.



G U D S T J E N E S T E R



27/10 Bots- og bededag.

Orkland kl. 11 v. Rogstad.

Offer til Skolelaget.

Orkanger kl. 11 v. Eidhamar.

Offer til Skolelaget.

Støylen skole kl. 16 v. Eidhamar.

3/11 Alle Helgens dag.

Orkdal kl. 11 v. Rogstad.

Konfirmantjubileum.

Offer til Barnevernsakademiet.

Orkland kl. 11 v. Eidhamar

Konfirmantjubileum. Nattv.

Offer til Menighetsfakultetet.

10. 11. 22. s. i trieiining.

Orkdal kyrkje kl. 11. Høgmesse

m/ nattverd v/ res. kap. Eidhamar.

Offer til Norges kr. Ungd.forbund.

Geitastrand kyrkje kl. 11. Høgmesse

m/ nattverd v/ prost Rogstad.

Offer til menigh.fak. - Buss frå Rå-

bygda.

Orkland kyrkje kl. 15. Familieguds-

teneste v/ res. kap. Eidhamar og

sekr. Fedje. Offer til søndagsskole-

forbundet.

Husk også at dette er prostiets dag med stevne på Fagerhaug.

17. 11. 23. s. i trieiining.

Orkanger kyrkje kl. 11. Høgmesse

v/ prost Rogstad. Nattverd.

Orkland kyrkje kl. 11. Høgmesse

v/ res. kap. Eidhamar. Nattverd -

offer.

24. 11. 24. s. i trieiining.


Orkdal kyrkje kl. 11. Høgmesse

v/ prost Rogstad. Offer til menigh.-

arbeidet.

Sølberg bedehus. Gudst.møte

v/ res. kap. Eidhamar.



1. 12. 1. s. i advent.

Orkanger kyrkje kl. 11. Høgmesse v/ res. kap. Eidhamar.

Orkland kyrkje kl. 11. Høgmesse v/ prost Rogstad.

8. 12. 2. s. i advent.

Orkdal kyrkje kl. 11. Høgmesse v/ res. kap. Eidhamar. Offer til IKO. Nattverd.

Geitastrand kyrkje kl. 11. Barne-

gudsteneste v/ prost Rogstad.

Alle barn som fyller 4 år i 1974 vil

få utdelt «Min kirkebok».

Buss frå Husdalen.

Orkland kyrkje kl. 19. Lysmesse

v/ res. kap. Eidhamar. Årets konfir-

mantar.

SØNDAGSSKOLANE

Det er mange søndagsskolar i Orkdal.

Alle har tatt til igjen på hausthalvåret. Det er fleire hundre barn som går på søndagsskolane i prestegjeldet vårt. 6. - 10. nov. vil sekr. Per Fedje besøke søndagsskolane på Gjølme, Fannrem, Evjen, Orkanger, Gangås, Moe. Søndag 10. nov. kl. 15 vil han tale og synge ved familiegudstenesta i Orkland kyrkje.

ORKDAL MINNEFOND

De får blankettar hos:

Gunnar Melås, Kåre Gjønnes
Johan Fagerholt, Ane Øyasæter,
Fannrem bokhandel,
Einar Bjørndal, A. G. Nød-
tvedt, Fridtjof Digerås, Peder
Tronvoll, Borghild Asphjell,
Dagny Korsli, Lars Bonvik.

ORKLAND MINNEFOND

Blankettar hos

Klara Aamodt, 7330 Svorkmo.